

fossekallen
8/88





Sareptas krukke

Nylig ble et nytt og staselig driftsbygg innviet ved Tokke-verkene. Som seg hør og bør kastet Statkrafts driftsdirektør glans over begivenheten med sitt nærvær. Gaver hadde han også med fra høyborgen i Oslo. Men hans hilsningsord var fyllt av malurt. I 1983, da nybygget på Dalen i Telemark ble planlagt og vedtatt, fløt det med vin og honning i Statskraftverkenes korridorer. —I dag ville vi ikke hatt råd til et slikt bygg, sa han. Sareptas krukke er tom.

At det er alvorlig tomt i kassen for tiden, er nok noe de fleste har merket seg. Og skulle det likevel har gått enkelte hus forbi, vil nok økonomistaben gjennom sin oppsøkende virksomhet snart få kallt de siste av oss til orden. I disse for vårt land så alvorlige tider må vi alle bringe våre offer. Det gjør vi da også daglig i Statkraft, selv om det fra tid til annen er med ansikter lange som fiolinkasser.

Rykter om uvettig disponering av midler gjør det ikke lettere å leve med all smalhansen. For mens «bakkemannskapene» får innprentet at det spesielt skal spares inn på reisebudsjett og kursvirksomhet, forteller jungeltelegrafen oss at bedriftens mange ledere både reiser og holder kurser som umiddelbart virker urimelige dyre og unødvendige.

Selv sagt er det ikke slik. Det ligger nøyne vurderinger til grunn for hver krone som blir brukt i Statkraft i dag; det får Fossekallen opplyst fra høyeste hold. Men som så mange andre steder har mangel på saklig informasjon også i vår bedrift ført til uro og mistillit.

Bedriftsledere verden over er enige om at informasjon er alfa omega for å klare seg gjennom trange tider. Det er synd å si det, men Statkraft er dårlig rustet i så måte. For øyeblinket står informasjonsjefstolen tom. Etter at Dankert Freilem har satt seg godt til rette i den stolen — og han har satt seg skikkelig inn i vår bedrift — skal han sammen med et par—tre faste medarbeidere og noen forhåpentligvis trofaste konsulenter sørge for skikkelig ekstern og intern informasjon i Statkraft, en bedrift med over 3 000 ansatte spredd over det ganske land. Hvor altså nå misnøyen er til å ta og føle på.

Skulle det likevel være noen dråper igjen på den krukken fra Sarepta, bør vel disse derfor øremerkes informasjon.

Mette Kjeldsberg

Redaksjonsråd

For ledelsen:

Vidar Bern
Hallvard Holen
Olav Molvær

For de ansatte:

Andreas Bakkerud (AF)
Edmund Langnes
(Arbeidsmands forbundet)
Kjell Arne Bursvik (NEKF)
Siv Westvik (NTL)

Redaksjon

Redaktør: Cand.philol.
Mette Kjeldsberg
Sekretær: Aud Berg

Postadresse: Fossekallen
Postboks 5091 Maj,
0301 Oslo 3

Gateadresse: Slemdalsvn. 37
Telefon: (02) 46 70 70

34. årgang — opplag 8 700

Trykket av:
Centraltrykkeriet Østerås A.s

Utforming ved:
Carl Svendsen
Ingrid Adeler

Redaksjonen avsluttet
fredag 16. september

Omslagsbilde: Det første og hittil eneste såkalte laksestudio er nå åpnet her i Norge. Det skjedde ved Sandsfossen i Suldal 16. juli i år. Tiltaket er et direkte resultat av Ulla—Førre-utbyggingen. Laksestudioet er plassert i de laksetrappene som Statkraft har bygget i Sandsfossen. Foto: Svein Erik Dahl/Samfoto.

INNHOLD

fossekallen
8/88

Den største jordbruken i landet

At Ulla—Førre anlegget er den største vasskraft-utbygginga i Noreg, er neppe ukjent for leserane av Fossekallen. Men i avslutningsåret for anlegget rangerer Ulla—Førre også på ein annan Noregstopp. Anlegget er nemleg den største jordbruken i landet, i alle fall om ein målar i tonn fullgjødsel, kalk og grasfrø.



SIDE

4

Laks på nært hold

Kunne du tenkje deg å studera spill levande laks på inntil 20 kilo på 20–30 centimeters avstand under vatn? I så fall treng du ikkje dra til Canada, USA eller Skottland. Den 16. juli i år opna det første såkalla laksestudio i landet vårt ved Sandsfossen i Suldalslågen.



SIDE

18

Djupt såra og vonbroten

Avslutninga av Ulla—Førre markerer for mange eit vemodig farvel med eit kortare eller lengre liv som anleggsslusk. For Karin Jansson, overkokk ved Ulla—Førre, har avslutninga på yrkeskarrieren i Statkraft skjedd på ein måte Fossekallen håpar ikkje er typisk. Sjøl er ho vonbroten over korleis ho har blitt behandla i Statkraft.



SIDE

22

Med Stillehavet som marknad

Norskutvikla bølgekraftverk kan bli ein ny eksportartikkel for Noreg. Kværner og Norwave har utvikla to prototypar for bølgekraftverk som no er klare for kommersiell produksjon og drift. Det er særleg øyrike i og kring Stillehavet som blir rekna som potensielle kjøparar.



SIDE

24

Felles Front mot Kong Alkohol

Alkohol- og narkotikamisbruket er et av de største og vanskeligste problemer i vårt samfunn. Problemene rammer ikke bare individet, men også nærmiljøet, arbeidslivet og samfunnet. Dette forsøker arbeidslivet å gjøre noe med gjennom AKAN — Arbeidslivets komité mot Alkoholisme og Narkomani.



SIDE

31

På dei største steintippene i landet — i Saurdal og Kvilldal — beitar sauene i august 1988. Graset står grønt og fint på toppen av tre millionar kubikkmeter steinmasse her i Saurdal.

Ulla—Førre:

DEN STØRSTE JORDBRUKAREN I LANDET



Tekst: Jan Ole Rød
Foto: Svein Erik Dahl/Samfoto

At Ulla—Førre-anleggene er den største vasskraftutbygginga i Noreg med dei største dammane, magasina og den største kraftstasjonen, er neppe ukjent for leiarane av Fossekallen. I avslutningsåret for anlegget rangerer Ulla—Førre også på ein annan Noregs-topp. Anlegget er den største jord-

brukaren i landet, i alle fall om ein måler i tonn fullgjøding, kalk og grasfrø som til saman er gått med over det 2 500 kvadratmeter store arealet som er sett i stand.

At den massive innsatsen på landskapspleiesektoren verkeleg har gitt store resultat alt nå, fekk Fossekallen studera ved sjølvsyn under ei

rundreise i Ulla—Førre-området i slutten av august. Endå finare skal det bli når landskapspleiarbeida er avslutta ved årskiftet, om me skal tru Knut Svendheim i Natur- og landskapsavdelinga i Vassdragsdirektoratet.



—Heile haldninga til landskapspleie i Statkraft har endra seg dramatisk i positiv lei på få år. Ved Ulla—Forre er det brukt 300 millionar kroner til denne sida av utbygginga, fortel Knut Svendheim. Han er representanten til Natur- og landskapsavdelinga (Vassdragsdirektoratet) på Garanaset.



I mai i fjor vart den 145 dekar store tippen i Saurdal sådd og gjødsla. Totalt er det gått med 110 tonn fullgjodning, 45 tonn kalk og 11 tonn fro i anleggsområdet i år.



Heile haldninga til landskapspleie i Statkraft har blitt meir og meir positiv år for år. Den lokale leiinga ved Ulla—Førre-anleggene har gjennom heile utbyggingsperioden vore villige til å prioritera denne sida ved utbygginga. Når det har vore mogleg å bruka om lag 300 millionar kroner på landskapspleie, er det klart at vedtaka også den sentrale leiinga i Statkraft har hatt syn for dette arbeidet.

Knut Svendheim er ikkje snau med lovorda når han omtalar utbyggjaren sin vilje til å ordna opp etter seg i Ulla—Førre. Svendheim kom til Suldal som NVE sin mann alt i 1975, året etter at Ulla—Førre-anleggene tok til. Han har heile tida hatt kontor i anleggsenteret på Garaneset, og såleis vore i stand til å ta opp landskapsspørsmål direkte med anleggsleiinga etter kvart som desse har dukka opp.

—Det var utan tvil ein stor fordel å vera her frå starten av. Det gav meg høve til i samarbeid med anleggsleiinga å planleggja korleis landskapet skulle sjå ut etter utbygginga på ein heilt annan måte enn det som har vore vanleg ved vasskraftutbyggingar før. På 1960-talet kom til dømes landskapspleiefolka inn heilt på tampen av utbygginga for å reparera dei verste såra i naturen. Her har landskapsomsyn vore med frå fyste stund. Dette har til dømes gjeve ein høve til å avgjera at avdekkingmasse skal takast vare på og kor han skal lagrast, for berre å nemna noko, seier Svendheim.

Massetaka borte

Ein ukjent turist som forvillar seg innover på anleggsvegen frå Mosvatnet i dag, vil truleg undra seg over dei fine lysgrøne flekkane i bakkane på vestsi-



Før: I oktober 1980 såg riggplassen ved Saurdal kraftstasjon slik ut. Foto: Jostein Granli.

da av Sandsa-vatnet. Kanskje vil han spekulera over kvifor grunneigaren har sådd i nye frø i bakkete terrenget, så høgt til fjells. Den ukjende kan sjølv sagt ikkje ana at her låg morenetaket på 290 dekar som skaffa ein million kubikkmeter masse til tetningskjerna i Oddatjørndammen og andre fyllingsdammar rundt Blåsjø. Om få år vil morenetaket ikkje skilja seg ut frå terrenget på nokon måte.

På nedre Moen pågår arbeidet med sperredammen som skal gjera det mogleg å heva Moavatnet 7–8 meter opp til det gamle nivået. Når det skjer utpå haustparten, forsvinn filtermasse-

taket under vassoverflata. I terrenget rundt Moavatnet som er planert og forma til, er den grøne fargen frå spirande frø godt synleg. Alt neste år vil lite minna om at Nedre Moen for få år sidan var ein hektisk anleggslass der travle anleggsarbeidarar henta filtermasse til gigant-dammene i fjellheimen.

Like før tunnelen som fører opp til Oddatjørndammen og Blåsjø, møter den lysegrøne fargen frå nysådde frø oss igjen. Borte er brakkene som for berre få år sidan var hus og heim for over 400 anleggssluskar. Ein heil brakkeby med eigen butikk, bank, post-



Når Moavatnet utpå hausten vert heva 7–8 meter, forsvinn filtermassetaket under vassoverflata. Alt neste år vil lite minna om at Nedre Moen for få år sidan var ein hektisk anleggslass.



Nå: Riggplassen ved Saurdal kraftstasjon i august 1988.

kontor og idrettshall har blitt transportert til nye anlegg. Verkstaden er borte, og massetaket er sett i stand slik at det glir naturleg inn i landskapet. Om få år skal den ukjende turisten vår ha store vanskar med å oppdaga at landskapet på Øvre Moen ikkje er forma av høgare makter eller naturkrefter.

Tippar som beite

Mens dei store massetaka er i ferd med å gli inn som naturlege delar av landskapet, ruvar tippene og dammane like sterkt i landskapet, men også her har det skjedd endringar. På dei største

steintippene i landet — i Saurdal og Kvilldal — beitar sauene i august 1988. Den 195 dekar store tippen i Saurdal ble sådd og gjødsla i mai i fjor. I år står graset grønt og fint på toppen av tre millionar kubikkmeter steinmasse. I alt er det gått med 110 tonn fullgjødning, 45 tonn kalk og 11 tonn frø i anleggsområdet berre i år.

— Ein erfaring frå Ulla—Førre er at det lønner seg i lengda å spandera jord på toppen av steinmassane. Humusholdig finmasse gjer at graset kjem raskt og med lite bruk av gjødning. Dermed sparar ein utgifter i framtida, seier Svendheim. Han strekar likevel

under at Vestlands-verkene ikkje må undervurdera verken arbeidet eller kostnadene med å halde ved like det istandsette arealet i Ulla—Førre.

På Storvass er landskapspleiarbeidet inne i avslutningsfasen. Asfaltverket blir rive ned og frakta bort. Dei siste brakkene er på veg ut og anleggsområdet ved damfoten blir rydda og sett i skikkeleg stand. På Førrevass står delar av brakkene igjen, mens området rundt dammen er slik det skal vera for ettertida.

— Sjølv om det står att ein del på Nedre Moen, Storvass og Førrevass, blir landskapspleiarbeida ferdige før vinteren. Berre eit sannsynleg pålegg om tersklar i Ardalskrymle-vassdraget må takast neste år, opplyser Svendheim.

Pionerarbeid

Når Knut Svendheim anslår kostnadene ved landskapspleiarbeida til 300 millionar kroner, er utgangspunktet hans kva anlegget ville ha kosta dersom ein konsekvent hadde valt dei billegaste tekniske løysingane utan omsyn til landskapet. Oftast fører landskapsomsyna med seg utgifter. Derfor er Svendheim spesielt glad for å kunna slå fast at det i enkelte tilfelle kan lønna seg økonomisk å gjera naturinngræpa så skånsame som råd. Han meiner likevel at landskapsarbeidet skal vera ein naturleg del av anleggsarbeidet.

— På Ulla—Førre-anlegget har me vist at det i høgfjellet kan være billegare å føre straum i kabel enn i luftledningar. Førevass-området har under heile anlegget blitt forsynt med straum frå ein 22 kV-straumkabel som ligg i vegskuldra. Denne kabelen blei for det første billegare enn den luft-

På nedre Moen pågår arbeidet med sperredammen som skal gjera det mogleg å heva Moavatnet 7–8 meter opp til det gamle nivået.



løysinga som blei valt mot Storvass. I tillegg har han vore sikrare i drift, ikkje eit straumbrot har me hatt i Førrevass. I tillegg ligg alle telefon- og styringskabler over tregrensa i kabel på Ulla—Førre.

Eit anna pionerarbeid er det forsøket Landbrukshogskulen driv på Glommeldals-tippene. Her er det sådd poteter direkte på fullprofilmasse. Endelege konklusjonar ligg ikkje føre i skrivande stund, men Svendheim opplyser at ein når forsøka er sluttførte, vil vita mykje meir om korleis ein skal behandle slike

tippar både stabilitetsmessig og med tanke på vegetasjonsetablering.

Blikk for landskapet

Når det er lagt ned så mykje arbeid og pengar i landskapspleie i Ulla—Førre, er årsaka å finna i avgjerder tatt av den lokale anleggsleiinga og i Statkraft sentralt. Pengar er likevel ikkje det einaste som skal til for å setja landskapet i stand etter ei så stor kraftutbygging. Svendheim presiserer at fleire enn anleggsleiinga har sin del av æra for at landskapspleiarbeida har blitt vellukka.

—For det første har me hatt oppsynsmenn med uvanleg godt blikk for landskapspleie. Korleis dei praktiske problema blir løyste i kvardagen, blir avgjort på dette nivået. Den vilje oppsynsmennene har vist til å ta landskapspleie på alvor, har smitta nedover i rekkene. I tillegg har anlegget knytta til seg underentreprenører med solid erfaring på dette feltet. Hovudvegbygjaren på anlegget — firmaet Berthelsen og Garpestad — har demonstrert ein fin sans for landskapspleie, meiner Knut Svendheim.

Ein ukjent turist som forviller seg innover på anleggsvegen frå Mosvatnet i dag, vil truleg undra seg over dei fine lysgrøne flekkane i bakkane på vestsida av Sands-vatnet.



Blir i Suldal

Det er ein tydeleg nøgd Knut Svendheim som i desse dagar følgjer dei siste landskapspleiarbeida i Ulla—Førre. Natur- og landskapsavdelinga sin mann kan ikkje få understreka sterkt nok det gode samarbeidet han har hatt med alle som har hatt innverknad på det resultatet som i dag tar form.

—Få for all del fram at også samarbeidet med grunneigarane har vore fint, presiserer Svendheim.

I løpet av hausten sluttar dei siste anleggsarbeiderane av arbeidet i Sul-



Øvre Moen før få år siden: her låg brakker som var hus og heim for 400 anleggssluskar — ein heil brakkeby med eigen butikk, bank og eige postkontor. Foto: Jostein Granli.

dal. I dag er det berre om lag 30 mann som står til rådvelde for anleggsleiar Jacob de Rytter Kielland; mannen som hadde nærare 1 600 mann under seg då anlegget var på det mest hektiske. Men sjølv når Kielland pakkar saman på Garaneset, blir NVE-mannen med ansvaret for landskapspleien tilbake. Knut Svendheim har som avdelings-

ingeniør i Vassdragsdirektoratet heile sør-vest-Noreg som sitt arbeidsfelt, men han blir på Sand i alle høve fram til 1991.

—I denne perioden skal eg mellom anna følgja opp landskapspleien overfor driftsavdelinga, avluttar Svendheim.

Øvre Moen i dag: Om få år skal ein ha store vansker med å oppdaga at landskapet her ikkje er forma av høgare makter eller naturkrefter.



Suldal etter Ulla—Førre:

FATTIG PÅ FRAMTID?

Tekst: Jan Ole Rød

Foto: Svein Erik Dahl/Samfoto

Møtet med den største vasskraftutbygginga i landet har styrkt den lokale kulturen i Suldal.

Lokale kulturtradisjonar — språket, samversformer, gamle skikkar og mattradisjonar — har hatt ei ny blomstringstid i anleggsperioden.

Den sosiale kontakten mellom slusken og suldølen har vore liten og resultert i få ektefødde barn. Årsak: Den fysiske planleggingen tok ikkje omsyn til sosiale og kulturelle forhold.

Suldal har nok fått betre økonomi, men står likevel fattig tilbake etter anleggsperioden med tanke på dei utfordringane kommunen vil møta i tida framover.

Ein god del av inntektene frå Ulla—Førre bør satsast på forsknings- og utviklingsarbeid lokalt.

Då Ulla—Førre-utbygginga tok til, frykta mange at eit så stort anlegg ville øydelegga eller endra den lokale kulturen i Suldal. Det motsette har faktisk skjedd; lokale kulturtradisjonar har gått styrka ut av møtet med gigant-anlegget. Den kulturelle identiteten og sjølvkjensla til suldølen er blitt sterkare dei 15 åra det har tatt å byggja Ulla—Førre.

Det er førstekonservator Roy Høibo ved Ryfylkemuseet som på denne må-

ten oppsummerer dei kulturelle følgjene av den største vasskraftutbygginga i Noreg. Overraskande konklusjonar for mange kanskje, men ikkje for magisteren i etnologi som sidan 1981 har hatt Ulla—Førre som eit av dei viktigaste arbeidsfelta sine.

—Nei, overraska er eg ikkje. Granskningar frå andre kulturar og samfunn viser at gamle, lokale kulturtradisjonar oftast blir revitalisert når dei kjem under press frå nye kulturelement.

—Revitalisert?

—Ja, revitalisering tyder i denne sammenheng at den gamle bondekulturen i Suldal har opplevd ei ny blomstringstid dei siste 10–15 åra. Rundt bygdetunet på Kolbeinstveit har det oppstått ei ny dyrking av gamle skikkar, handverkstradisjonar og andre kulturelement frå gamle dagar. Desse aktivitetane har etterkvart blitt viktigare enn talen for dagen på det tradisjonsrike Olsokstemnet på Kolbeinstveit, forklarer magisteren.

Når suldølen dei siste åra har utvikla sterkare språkleg sjølvkjensle, har også dette samanheng med anlegget. Den lokale dialekten kom under press. Eit naturleg forsvar blei mobilisert for å verne det opphavelege.


—På denne måten har Ulla—Førre-anleggene forsinka ei kulturell utvikling ein hadde fram til midten av 1970-åra. Eit sentralt trekk i Suldal som andre stader var jo at det lokale var på vikande front overfor kulturpåverknaden frå sentrum.

Når bygdekulturen i Suldal kunne halde stand mot den massive invasjonen av anleggsfolk — over 1 500 på det meste — er forklaringa mellom anna å finna i at den fysiske planlegginga ikkje la tilhova til rette for sosial integrasjon. Dei tilsette ved anlegget budde til dømes langt på veg i eigne bustadfelt både på Sand og på Suldalsosen.

Liten sosial kontakt

Når bygdekulturen kunne halda stand mot den massive invasjonen av anleggsfolk — over 1 500 på det meste — er forklaringa mellom anna å finna i at den fysiske planlegginga ikkje la tilhova til rette for sosial integrasjon. Rett nok møttest ungane til innfødde suldølar og anleggsfolk på dei nye skulane, men elles blei innflyttarane fysisk skilde frå lokalbefolkinga.

—Dei tilsette på anlegget budde langt på veg i eigne bustadfelt både på Sand og Suldalsosen. Dei handla på det nye kjøpesenteret, mens dei «innfødde» heldt fram med å gjera innkjøpa sine i den gamle sentrumsgata. Innflyttarane møtte såleis lokalbefolkinga i svært få sosiale samanhengar. Den fysiske planlegginga tok — som vanleg — omsyn til økonomiske og tekniske




tilhøve og såg bort frå sosiale og kulturelle følgjer, hevdar Høibo.

—Men kva med dei frivillige organisasjonane og dei politiske partia, blei heller ikkje desse institusjonane sosiale møtestader mellom suldølar og innflyttarar?

—På dette feltet er bildet noko meir nyansert. Hovudkonklusjonen er likevel at innflyttarane gjorde seg lite gjeldande i organisasjonslivet. Eit unntak er idrettslaget der innflyttarane spelte ei stor rolle og langt på veg tok over leiinga.

Hovudbildet legg likevel fast; dei mange ressurspersonane anlegget hadde i arbeid, gjekk i svært liten grad inn i det lokale foreningslivet. Derimot stifta innflyttarane organisasjonar som var ukjende for det store fleirtalet i Suldal. Rotary, Lions og Kvinnelaget



Satsar Suldal altfor tradisjonelt i det kommunale tiltaksarbeidet? Her blir tenkt mykje på industriutleigebyg og mannfolkarbeidsplassar. Kvinnene er mest heilt fråverande i debatten om arbeidsplassar.



blei skipa i anleggstida. Dei sistnemde strikka ikkje ullstrømper til heidningane i Afrika slik kvinneforeningane i Suldal har gjort opp gjennom tidene. Kvinnelaget markerte 8. mars, med lemmene bar lilla sjal og introduserte kvinnekampen i ein kommune der slike tidlegare eksisterte berre på fjernsyn. Men korkje Rotary, Lions eller Kvinnelaget fekk mange medlemmer utanom innflyttarane sine bustadfelt.

Sjølvråderetten

På eit felt har likevel innflyttarane klart å påverka den jamne suldøl. Før anleggstida gjekk berre få i Suldal på skitur før påske, slike aktivitetar var berre for aktive idrettsfolk. I dag har laurdags- og søndagsskituren som fritidssyssel frå desember til mai, slått gjennom overalt i dalen.

—Her har innflyttarkulturen tatt heim ein klar og lett synleg siger over den lokale tradisjonen, kommenterer Høibo.

Når suldølen på andre område ikkje har late seg imponera av innflyttarane sine skikkar og vanar, ligg nok ein god del av forklaringa i historiske forhold.

Suldølen har alltid hatt eit sterkt medvit om verdien av sin eigen kultur. Den lokale tradisjonen har mange skrivne kjelder å byggja på. På 1600–1700-talet var Suldal ei rik og mektig bygd i forhold til nabobygdene Røldal og Sauda. Sjølv om utviklinga på mange måtar har gått forbi Suldal, er minnet om stordomstida blitt halde ved lag. Suldølen har alltid stått hardt på for å berge sjølvråderetten. I 1905 stemte til dømes eit fleirtal i gamle Suldal kommune for republikk. I 1960-åra møtte kommune-samanslåinga kompakt motstand.

—Då Ulla–Førre-utbygginga tok til, frykta mange at eit så stort anlegg ville øydeleggje eller endra den lokale kulturen i Suldal. Det motsette har faktisk skjedd, oppsummerer førstekonservatoren Roy Høibo ved Ryfylkemuseet.

Førstekonservatoren ved Ryfylkemuseet ser ein klar samanheng mellom denne historiske tradisjonen for vern av sjørvåderetten og mobiliseringa for forsvar av eigne kulturverdiar under Ulla–Førre-utbygginga.

Likevel fattig?

I dei to bøkene sine om Ulla–Førre-utbygginga rettar Roy Høibo eit kritisk soklys mot mange sider ved planlegginga av Ulla–Førre-utbygginga. Korke NVE/Statkraft eller kommunen har takla alle problema like tilfredsstillende. Både utbyggjaren og utbyggingskommunen må mellom anna ta ansvaret for at mest ingenting blei gjort for å integrera innflyttarane i bygdesamfunnet.

—Det sunne bondevettet, som ofte blir hylla som politisk ideal, var rett og slett for lite å stilla med overfor dei utfordringane Suldal stod overfor. Det same er tilfellet i dag, kommunen har ikkje makta å ta vare på dei store menneskelege ressursane og den faglege kompetansen anlegget tilførte bygdesamfunnet, understrekar Høibo.

Med få unntak forsvinn både dei menneskelege og faglege ressursane fra Suldal med anlegget. Folketalet har gått ned frå 4 600 til 4 200. Høibo mener derfor at sjølv om anlegget tilfører Suldal 60 millionar kroner i årlege inntekter, står bygda likevel fattig tilbake når det gjeld å møta kvardagen etter at Ulla–Førre er ferdig.

—Bygda sit att med mykje pengar, ein uskadd kultur, men fattig i forhold til utfordringane i framtidssamfunnet, spissformulerer konservatoren. I neste sekund strekar han under at kritikken hans mot kommunen for svak planlegging før og under anlegget kanskje ikkje er heilt rettferdig.

—Bygdepolitikarene mangla rett og slett føresetnader for å setja seg inn i verknadene av eit gigantanlegg som Ulla–Førre.

Kunnskap er redningen

Høibo er redd Suldal satsar altfor tradisjonelt i det kommunale tiltaksarbeidet.

—Her blir tenkt mykje på industriutleigebygg og mannskarbeidsplassar. Kvinnene er mest heilt fråværande i debatten om arbeidsplassar, meiner Høibo,

Førstekonservatoren ser det som ei stor utfordring at Suldal må skaffast fleire arbeidsplassar som let seg kombinera med gardsbruk. Omlegginga av jordbrukspolitikken dei sista åra, vil føra til nedlegging av bruk i kommunen dersom ikkje nye arbeidsplassar som kan kombinerast med jordbruk blir skapte.

—Men kan ikkje Suldal med sine 60 millionar i inntekter berre frå Ulla–Førre lett trekkja til seg nyetableringar?

—Diverre viser praksis at det ikkje er så enkelt. Eg trur 1990-åra vil stilla utkantane overfor heilt andre problem enn tidlegare i tiltaksarbeidet. Suldal er i den gunstige situasjonen at kommunen har råd til å investera midlar i forsknings- og utviklingsarbeid som kan gi svaret på kva utkantane må satsa på i framtida for å overleva. Kunnskap om dette, kan i neste omgang resultera i konkrete nyetableringar, meiner Roy Høibo.


Han ser derfor med stor glede på at det nå blir oppretta ein lokal forskningsavdeling i Suldal i samarbeid med Rogalandsforskning i Stavanger.

Positivt totalresultat

Sjølv om Roy Høibo på mange måtar er ei kritisk røyst når Ulla–Førre er samtalé-temnet, vil han gjerne streke under at anlegget totalt sett har vore positivt for kommunen og distriktet.

—Enkelte naturinngrep kunne me nok vore forutan. Suldalsnaturen har likevel ikkje blitt rasert slik enkelte frykta før utbygginga. Ulla–Førre har tilført og vil tilføra Suldal store verdiar som bygdesamfunnet kan dra nytte av i tiltaksarbeidet, til kulturelle føremål og i turistsamanhang. Som eg prøver å visa i bøkene mine, har anlegget heller ikkje rasert bygdekulturen, seier vismannen ved Ryfylkemuseet.

Suldalsnaturen er ikkje blitt rasert slik enkelte frykta før Ulla–Førre-utbygginga. I de to bøkene sine om Ulla–Førre-utbygginga visar førstekonservatoren Roy Høibo ved Ryfylkemuseet at anlegget heller ikkje har rasert bygdekulturen.








SLUSK, BONDE OG KON-SUL

Tekst: Jan Ole Rød
Foto: Svein Erik Dahl/Samfoto

Henrik Halsne er mellom dei få frå Ulla—Førre-anleggene som blir igjen i Suldal når anleggsperioden er slutt. Bygningsingeniøren frå Jøsenfjorden med over 10 års fartstid som slusk i Statkraft, har slått seg ned på garden Herabakka i Suldal. Gardsbruket driv han saman med kona Annfrid. Sjølv brukar han størstedelen av ar-



Sjølv om garden Herabakka berre er omlag 45 mål dyrka mark, driv Halsne eit bruk som tilsvrar 1 1/2 årsverk. I tillegg kjem arbeidet på full tid i Kon-Sul A/S. —Forklarings på korleis dette er mogleg, er enkel. Kona er bonde på heiltid, mens eg trør til på kveldstid, i helgar og onner, fortel Halsne.

beidstida si i Kon-Sul A/S, eit rådgjevande konsulentfirma som tilbyr distriktet ingeniør- og arkitekttenester. I Kon-Sul A/S blir såleis noko av dei store menneskelege ressursane og den kompetansen Ulla—Førre-anleggene har vore avhengig av, tilbake i Suldal når den siste slusken drar ved årskiftet.

Eg er overtydd om at fleire som har jobba på anlegget, kunne ha tenkt seg å bli i Suldal. Ulla—Førre-utbyggininga har tatt så lang tid at anlegget nærmast har blitt ein permanent arbeidsplass. Det midlertidige som pregar eit vasskraft-anlegg blir borte for dei som kom til Suldal i 1974–1975. Mange grodde fast og reiser frå Suldal utelukkande fordi her ikkje er arbeid å få.

Slik skildrar Henrik Halsne, ein av dei få frå anlegget som har slått seg ned i Suldal, situasjonen for dei mange som har reist og vil dra frå verkskommunen for den største vasskraftutbygginga i Noreg. Halsne er ikkje i tvil om at Suldal var därleg førebudd på å møta dei utfordringane kommunen står overfor når anlegget tar slutt. Sjølv sa han opp jobben på anlegget i slutten av 1986 for å koncentrera seg om det som skal bli framtida for han og familien i Suldal: gardsbruket på Herabakka og konsulentfirmaet Kon-Sul A/S.

Lang fartstid

Då Ulla—Førre-utbyggininga tok til i 1974, sat Henrik Halsne på eit kontor i administrasjonsbygget til Statens Vegvesen i Stavanger. For han ble Ulla—Førre-anleggene den sjansen han trengte for å få arbeid nærmare heimstaden. Då han tok til som stikningsingeniør på Suldsvegen i 1975, var vegn kort over fjellet til heimbygda Vadla. Året etter blei Halsne tilsett i Statkraft. Det første året jobba han med tunneldrift i Saurdal, seinare blei det dambygging i nærmere 10 år. Henrik Halsne er mellom dei mange som har æra for at «kraftstabburet» for heile landet, Blåsjø, i dag ligg trygt på plass med sine 7 700 GWh når magasinet er fullt.

Kon-Sul A/S blei starta 1. januar 1987, og er eit lovande døme på at noko av kompetansen frå Ulla—Førre-anleggene blir igjen i Suldal kommune. Kon-Sul A/S er eit konsulentfirma innan bygg- og anleggssektoren.



Halsne var først på Oddatjørn-dammen i fire år, før han tok til på sjolvaste Majesteten — Kong Storvass. Der var han med frå tilrigginga tok til og fram til siste asfalt-tobben var tomt.

Det var såleis ein erfaren dambyggjar som for snart to år sidan sa takk for seg i Statkraft. Men bak avgjerda om å forlata Storvass og Statkraft, låg planen om å satsa på kombinasjonen eige gardsbruk og konsulentfirma saman med andre ressurspersonar frå anlegget og i Suldal.

Storinvestering

I 1980 tok Henrik Halsne og kona over garden til svigerfaren hans på Herabakka.

—Alt den gongen blei det avgjort at me ville bli buande i Suldal når anleggstida var over. Rundt 1980 var utsiktene lyse for jordbruket i utkantstroka, og me gjekk til store investeringar i ny driftsbygning, nydyrkning og rehabilitering av våningshuset, seier Henrik Halsne.

Dei store investeringane — over ein million kroner til saman — viser verkeleg att i terrenget på Herabakka. Den nye driftsbygningen har ei grunnflate på 315 kvadratmeter og rommar 10 kyr i tillegg til ein del sau. Sjølv om garden berre er om lag 45 mål dyrka mark, driv Halsne eit bruk som tilsvrar 1 1/2 årsverk.

—Korleis er det mogleg å få dette til samstundes som du arbeider full tid i Kon-Sul?

Forklaringsa er enkel. Kona er bonde på heiltid, mens eg trør til på kveldstid, i helger og onner. I tillegg har me vore så heldige å få leiga ein del jord på nabogarden. Til saman gir dette nok fôr til dyra våre.

Gode pengar tent i ei hektisk anleggstid kombinert med velvilje frå Landbruksbanken, har Herabakka resultert i eit berekraftig gardsbruk. Sjølv er Halsne oppteken av å streka under at han ikkje er áleine om å ha investert pengar tent på Ulla—Førre i gardsbruk.

—Oppover heile dalen kan du sjå nye eller rehabiliterede driftsbygningar. Utan Ulla—Førre-anleggene ville jordbruket i Suldal ha vore i ein heilt annan

og vanskelegare stilling i dag. Sjølv om jordbrukspolitikken er lagt om på ein måte som ikkje fremjar småbruka i utkantane, trur eg primær-næringane i bygda kan sjå lyst på framtida.

Kompetanse blir att

Mellom kommunepolitikarane i Suldal har det under anleggstida blitt snakka mykje om å skaffa bygda arbeidsplas-

sar som erstatning for dei mange som går tapt når Ulla—Førre står ferdig. Det kommunale tiltaksarbeidet har så langt gitt eit heller magert resultat.

Kon-Sul A/S som blei starta 1. januar 1987 er eit døme på at noko av kompetansen frå anlegget blir igjen. Henrik Halsne var saman med Tor Inge Havrevoll — også han med Storvass som tidlegare arbeidsstad — med på å starta det nye selskapet.

Henrik Halsne sa opp jobben på Ulla—Førre-anleggene i slutten av 1986 for å konsentrera seg om det som skal bli framtida for han og familien i Suldal: gardsbruket på Herabakka og konsulentfirmaet Kon-Sul A/S.



—Opphaveleg kom initiativet frå kommunen, seier Halsne.

—Suldal måtte ut av bygda for å kjøpa ei mengd med konsulent-tenester i samband med ein hektisk kommunal byggverksemد under anleggstida. Dette kosta store summar som berre forsvann ut or bygdesamfunnet. Derfor tok sentrale personar i kommunen initiativet til å få skipa eit konsulentfirma innan bygg- og anleggssektoren. Desse

planane blei kjende for Tor Inge Havrevoll og meg som hadde drøfta slike tankar på førehand. Resultatet blei Kon-Sul A/S.

I dag er Kon-Sul ein god arbeidsplass for i alt seks personar. Foruten ingeniørane Havrevoll og Halsne arbeider arkitekt Per Fremmersvik, teiknar Marie Thomassen, interiørarkitekt Grethe Holmboe og kontorfullmekting Berit Svendheim i firmaet. Dei har alle meir enn nok å gjera.

—Dei fleste oppdraga kjem framleis frå Suldal kommune, men me har hatt jobbar på Karmøy og i fylket elles, opplyser Henrik Halsne.

Lys framtid

Sjølv om folketalet i Suldal går ned og distrikts-Noreg opplever ei ny bølgje av fråflytting, er Henrik Halsne optimistisk med tanke på framtidta.

—Takka vera Ulla—Førre har Suldal kommune fått ein solid økonomi. Pri-mærnæringane i bygda trur eg vil klara seg godt også i framtida, og det bør vera råd å få noko meir småindustri til kommunen. For eit storbymenneske er nok tilboda her få og forholda for små. Men for oss som trivst best i eit role-gare miljø omkransa av vakker natur, er Suldal ein fin stad å bu — også etter Ulla—Førre-utbygginga, seier Henrik Halsne.



I dag er Kon-Sul ein god arbeidsplass for i alt seks personar. —Dei fleste oppdraga kjem framleis frå Suldal kommune, men me har hatt jobbar på Karmøy og i fylket elles, opplyser Henrik Halsne og Tor Inge Havrevoll.





Særsyn i Suldalslågen:

LAKS PÅ NÆERT HALD

I Suldalslågen laksestudio er det berre ei seks centimeter tjukk glasrute som skiljer deg fra auren og laksen som i desse dagar går opp i Lågen.



Tekst: Jan Ole Rod

Foto: Svein Erik Dahl/Samfoto

Kunne du tenkje deg å studera spill levande laks på inntil 20 kg på 20–30 centimeter avstand under vatn? I så fall treng du ikkje lengre dra til Canada, USA eller Skottland. Den 16. juli i år opna det første såkalla laksestudio i landet vårt dørene for eit entusiastisk publikum. Midt i Sandsfossen like før Suldalslågen nær fjorden, kan du nå oppleva laksen på nært hold. I Suldalslågen laksestudio er det berre ei

seks centimeter tjukk glasrute som skiljer deg fra auren og laksen som i desse dagar går opp i Lågen. Bak prosjektet står Suldal kommune som har overlate drifta av laksestudioet til Suldal Reiselivslag. Men dette eineståande tiltaket er også eit direkte resultat av Ulla-Forre-utbygginga. Laksestudioet er plassert i dei laksetrappene Statkraft har bygd i Sandsfossen.

Laksestudioet har alt blitt ein gedigen publikumsuksess, seier ein entusiastisk Arvid Kristensen, formann i Suldal Reiselivslag. Han opplyser at over 7 000 har vitja den 14 kvadratmeter store bygningen i Sandsfossen til nå. Publikum si store interesse kjem ikkje av effektiv marknadsføring.

—Me har ikkje hatt tid til å drive turistreklame i år. Når så mange har vitja anlegget, må forklaringa mellom anna finnast i den gode dekninga media har gitt, seier Kristensen.

Formannen i Reiselivslaget var svært glad for at det mest populære programmet i NRK, «Norge Rundt», ville vera til stades ved den offisielle opninga 2. september.

—Neste år er målsettinga å få 20 000 besøkande til laksestudioet. Innslaget i «Norge Rundt» markerte starten på ei aktiv marknadsføring av dette eineståande turistmålet, meiner Kristensen.

Større attraksjonar

Laksestudio Suldalslågen har kosta Suldal ein million kroner. Bygningen som

er oppført i betong med tretak glir fint inn i landskapet og har blitt ein turistattraksjon av dimensjonar alt før den offisielle opninga. I Reiselivslaget ser ein på Laksestudioet som berre eitt av fleire naturlege turistmål. Den klart største magneten i framtida blir Ulla—Førre med Blåsjø, gigant-demningane rundt magasinet og Kvilldal — den største kraftstasjonen i Noreg.

—I år har det vore voldsom etter-spurnad etter å få sjå Ulla—Førre. Derfor er det synd at me ikkje kan tilby eit skikkeleg informasjonsopplegg i samarbeid med Statkraft. Reiselivslaget vil setja alt inn på å få avtalar med Statkraft om visning av anlegget før neste turistsesong, seier Kristensen. Han legg til at Ulla—Førre har dimensjonar som gjer anlegget til ein nasjonal turistattraksjon.

Informasjonsansvar

Arvid Kristensen er imponert over det arbeidet Statkraft har gjort på landskapspleiesektoren i Suldals-fjella.

—Det må då vera i Statkraft si interesse å visa fram dette til så mange som råd.

Det kan ikkje vera tvil om at Ulla—Førre-utbygginga har tilfört Suldal store verdiar. Samstundes er naturingrepa gjort på ein slik måte at det er meiningslaust å snakke om rasering av naturen. Utbyggjaren har mykje å vinna på å visa fram Ulla—Førre-anleggene, hevdar Kristensen.

På den andre sida er han også oppteken av at Statkraft har eit informasjonsansvar overfor storsamfunnet. Sjølv om det kostar å informera, trur han Statkraft vil få desse pengane att mange gonger.

Mange prosjekt

Formannen i Suldal Reiselivslag er mellom dei som har mange jern i elden. Han er tiltakskonsulent i kommunen og har såleis førstehands kjennskap til kva som er på trappene i Suldal etter Ulla—Førre-utbygginga.

—Her er alt etablert fire verksemder som har direkte tilknytning til anlegget. Dei to største er Norsk Stein A/S og Kon-Sul A/S med om lag 15 tilsette til saman. Innan reiselivssektoren ligg det




føre planar om nytt hotell på Sand. I tillegg er den gamle messa til Statkraft blitt til Sand Gjesteheim. I regi av reiselivslaget blir det jobba med pakketur-løysingar for turistar i Suldal.

Arvid Kristensen presiserer at det meste av aktiviteten som nå skjer innan næringsutvikling og tiltakssektoren i Suldal, er ringverknader av Ulla—Førre-utbygginga.


—For 15 år sidan var nok meiningerne om utbygginga delte. I dag er dei dystre spådommene frå debatten på 1970-talet gjort til skamme. Bygdefolket står samla bak det synet at Ulla—Førre-utbygginga totalt sett har vore til stor nytte for Suldal, seier Arvid Kristensen.

Laksen i Suldalslågen har lenge trukke turistar til Suldal. I og med laksestudioet ved Sandsfossen vil den bli eit eineståande turistmål i tida framover.



—Laksestudioet har alt blitt ein gedigen publikumssuksess, seier ein entusiastisk Arvid Kristensen, formann i Suldal Reiselivslag. Han opplyser at over 7 000 har vitja den 14 kvadratmeter store bygningen i Sandsfossen til nå.

Laksestudio Suldalslågen har koste Suldal ein million kroner. Bygningen som er oppført i betong med tretak, glir fint inn i landskapet og har blitt ein turistattraksjon av dimensjonar alt før den offisielle opninga.



Etter Ulla—Førre:

DJUPT SÅRA OG VONBROTTEN

Tekst: Jan Ole Rød

Foto: Svein Erik Dahl/Samfoto



Avslutninga av Ulla—Førre markerer for mange eit vemodig farvel med eit kortare eller lengre liv som anleggsslusk. Rett nok er mange reist til neste anlegg som i gamle dagar på Jostedal-anlegget eller Svartisen. Fleire er det likevel som tar avskil med vasskraft-utbygging og Statkraft.

For Karin Janson, overkokk på Ulla—Førre, har avsluttinga på yrkeskarrieren i Statkraft skjedd på ein måte Fossekallen håpar ikkje er typisk. Det er ein bitter over-

kokk som møter Fossekallen på Hiimsmoen-kollektivet i Suldal. For livskraftige og vanligvis muntre Karin er sjølvsagt i arbeid, nå mellom 10—15 tidlegare narkomane, som kokk, mor og bestemor.

Ja, eg er djupt såra og vonbroten over den måten Statkraft og anlegget i Glomfjord har behandla meg på. For snart to år sidan — i oktober 1986 — søkte eg om overflytting til Svartisen. Kokkene på Ulla—Førre var sikra arbeid heitte det den gongen. I skrivande stund har eg og dei andre brakkebetjeninga ikkje sett eit skriftleg ord fra anlegget i Glomfjord, seier Karin Janson.

Historien til Karin fører tankane til vasskraftanlegg som blei avvikla i heilt andre årstal enn 1988. Arrogant personalbehandling er eit mildt uttrykk når folk med over 12 års teneste i Statkraft må gå på denne måten. Folk som har møtt Karin i brakkeleirane i Kvilldal, på Bjørkeneset eller i Stølsdal har vondt for å forstå at Statkraft har råd til å kvitta seg med Karin; sjølv om det hadde skjedd i skikkelege former. Med eitt alltid smittande humør og ein sjeldan stå-på haldning var Karin ein ressurs i alle dei brakkemiljøa ho var innom. Karin er mellom dei som gjer meir enn berre å utføra jobben sin. På Ulla—Førre var ho sekretær i fagforeninga, medlem av arbeidsmiljøutvalet, forhandlingsutvalet, bladstyret for Fossekallen og tillitsvalt. I festlege lag på brakka eller i meir offisielle samanhengar stod Karin i sentrum, som toastmaster eller naturleg midtpunkt.

Mannfolka mine

Karin Janson har ikkje for vane å klaga og syta. Ho har møtt livet med ein heilt annan grunnhaldning. Fødd inn i industriarbeiderklassen i Sauda med rallarblod i årene og rallar til ektemann har det alltid vore naturleg for Karin å spørja; Kva kan eg gjera? Ho har stilt seg til disposisjon for arbeidarrørsla og hatt Folkets Hus som sin andre heim frå 1920-åra. I dag klarer ho likevel ikkje skjula at ho er bitter. Språkbruken avslører at livet på brakka har vore langt meir enn berre ein jobb. Karin snakkar om «mannfolka mine» og «jentene mine» med ein varme i røysta som

Overkokk Karin Janson frå Ulla—Førre-anleggene er skuffa over at ho ikkje har fått jobb på Svartisen. —Kokkene på Ulla—Førre var sikra arbeid i Glomfjord, heitte det i oktober 1986. Då søkte eg og andre med meg overflytting til Svartisen. Men ennå har eg ikkje hørt eit pip frå Glomfjord, seier Karin Janson til Fossekallen.

avslører at brakkelivet for henne var ein del av livsstilen.

—Ja, eg saknar mannfolka mine, seier Karin på den direkte måten som berre ho kan seie det utan at det blir vulgært.

Minnene frå brakkene i Kvilldal, Stølsdal, på Bjørkeneset og messa på Sand har Karin samla mellom to permar. Stolt viser ho fram fotoalbumet med motiv frå gjennomslagsfestar, jentefestar og bursdagsselskap.

—Sjå her sit jentene mine og tar seg ein liten knert før serveringa tar til. Ikkje alle bilda til Karin ville ha passert sensuren i Fossekallen.


